



Aukra kommune

Alkoholpolitisk handlingsplan

Gjeldande for perioden 2023 - 2027

Vedteke i k-sak 22/24
P360 23/01151-15



Alkoholpolitisk handlingsplan for Aukra kommune

Innhold:

1.	Innleiing	3
2.	Heimel	3
3.	Delegering av mynde.....	3
4.	Målsetnad med alkoholpolitikken.....	4
5.	Definisjonar	6
6.	Generelt om Aukra kommune sin løyvepolitikk.....	7
7.	Om skjenkeløyve	8
8.	Om salsløyve.....	10
9.	Kunnskapsprøve og etablerarprøve for sals- og alminneleg skjenkeløyve	11
10.	Søknad om sals- og alminneleg skjenkeløyve	12
11.	Gebyr	13
12.	Varigheit salsløyve og alminneleg skjenkeløyve	13
13.	Sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk.....	13
14.	Sal av alkohol frå sjølvbetente kasser	13
15.	Om netthandel	14
16.	Kontroll med skjenke- og salsstadar.....	14
17.	Brot på alkohollova.....	15
18.	Reaksjonar ved brot	16
19.	Klage	16
20.	Andre forhold	16

1. Innleiing

Kommunen har etter alkohollova § 1-7d ei plikt til å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Alkoholpolitisk handlingsplan skal vere styrande for alkoholpolitikken i kommunen under det sitjande kommunestyret.

alkohollova regulerer tilgangen av alkoholhaldig drikk blant anna gjennom løyvesystemet, ved fastsetjing av vilkår for korleis sal og skjenking skal skje, og kontroll med at vilkåra vert haldne. Lova inneheld også reglar som tek sikte på å påverke etterspurnaden, som for eksempel forbod mot alkoholreklame.

All omsetjing av alkoholhaldig drikk krev særskilt offentleg løyve, og dei fleste løyve vert gjevne av kommunen. Prinsippet bak det kommunale løyvesystemet er at tilgang av alkohol i hovudsak skal fastsetjast av lokale styresmakter, dvs. kommunestyret.

Alle løyve skal følgje alkohollova. Brot på alkohollova eller forskrifter gjeven i medhald av den, kan medføre inndraging av løyve. Slike brotsverk er også straffbare.

Alkohollova gjev kommunen utstrekt fridom til å fastsetje sin eigen alkoholpolitikk. Kommunen kan blant anna fastsetje kor mange sals- og skjenkeløyve den ønskjer å gje, gje retningslinjer for kva typar arrangement og aktivitetar som skal få løyve, setje grenser for opningstider og styre kontrollarbeidet for å sikre at regelverket vert etterlevt. Den kommunale rusmiddelpolitikken er derfor viktig for å regulere omsetjinga av alkohol og redusere alkoholrelaterte problem.

2. Heimel

Lov av 1989-09-02-27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkohollova) med tilhøyrande forskrifter regulerer innføring og omsetning av alkoholholdig drikk.

3. Delegering av mynde

Kommunestyret er vedtaksorgan i saker om alminneleg (permanent) skjenke- og salsløyve. Utval for helse, oppvekst og kultur er delegert mynde i enkeltsaker. Kommunedirektøren er delegert mynde til å

- fatte vedtak om ambulerande skjenkeløyve, og skjenkeløyve for eit enkelthøve.
- fatte vedtak om alminneleg skjenke- og salsløyve i inntil 3 månaders lengd, fram til eit politisk vedtak er fatta.
- godkjenne ny løyvehavar for gjeldande skjenke-/utsalsstad.
- inndra eit sals- og/eller skjenkeløyve.

Kommunedirektøren kan i tillegg inngå avtalar med kontrollørar i samband med kontroll av sals- og skjenkestader og har ansvar for praktisk administrasjon av dette, samt kan godkjenne mindre endringar i bevillinga som ikkje er av prinsipiell karakter.

4. Målsetnad med alkoholpolitikken

Kommunen sin alkoholpolitikk (løyvepolitikk) skal vere eit viktig verkemiddel for å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere.

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga si helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Vidare skal arbeidet verne mot ytre helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helse. Alkoholpolitisk handlingsplan skal vere med på å fremje folkehelsearbeidet i kommunen.

Handlingsplanen skal samtidig vere med på å gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stadar der det er naturleg å servere alkohol. Handlingsplanen skal også vere eit viktig bidrag/verkemiddel i arbeidet med å skape gode haldningar hos innbyggjarane i kommunen.

Kommunen vil understreke at barn, unge og unge vaksne er ei viktig målgruppe i det førebyggjande arbeidet. Det er derfor viktig å oppretthalde familie-, idretts- og fritidsarrangement som er retta inn mot barn og unge som alkoholfrie soner.

Aukra kommune sett krav om at løyveinnehavarar gjennomfører ordninga med Ansvarleg Vertskap og Ansvarleg sal, som er eit tiltak for mellom anna å motverke overskjenking.

Alkoholpolitisk handlingsplan gjeld for alle søkjarar dersom det ikkje er spesielle forhold knytt til staden eller til søkjar.

4.1 Kommunen sitt viktigaste val av verkemiddel for å nå målsetjinga er følgjande:

Slik vil vi ha det	Slik gjer vi det
Kommunen skal gje rammer for trygge og positive opplevingar rundt stadar der det er naturleg å servere alkohol.	Alkoholpolitikken skal vere på eit nivå som er med på å legge rammer rundt det å skape trygge og positive opplevingane rundt stader med alkoholservering, som t.d. under arrangement.
Stimulere til og leggje til rette for at det skal vere attraktive møtearenaar i kommunen, særleg for barn og ungdom, der alkohol ikkje vert servert.	Idretts- og fritidsarrangement som er retta mot barn, unge og familiar kan berre skje i alkoholfrie soner. Saksbehandlar av søknad om sals- og skjenkeløyve skal sikre at det er tilfredsstillande skilje mellom alkoholfrie og alkoholhaldige soner for at alkoholhaldige arrangement kan skje i same tidsrom som arrangement for barn, unge og familiar. Det skal etterstevast at slike arrangement ikkje skal skje i same tidsrom. Fond for rusførebyggjande tiltak for barn og

	<p>ungdom skal vere ein viktig motivasjonsfaktor for å arrangere rusfrie arrangement for denne målgruppa.</p>
<p>Som hovudregel skal det ikkje skjenkjast eller seljast alkohol ved kommunale arrangement eller i kommunale bygg ope for allmenta.</p>	<p>Avgjerd om dette skal fattast av ordføraren etter eigen søknad. For unntak sjå kapittel 7.1.1.</p>
<p>Stadar som bl.a. driv med automatspel skal ikkje kombinere dette med alkoholkonsum.</p>	<p>Det vert ikkje fatta positivt vedtak om skjenkeløyve for driftskonsept som inkluderer oppstilling av utbetalingsautomatar.</p>
<p>Aukra kommune ønskjer å regulere kven som skal få skjenkeløyve i alkoholgruppe 1, 2 og 3. Dette gjeld alminneleg løyve og løyve for enkelt anledning.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Serveringsstadar kan få løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3. • Enkeltløyve gjeld berre for alkoholgruppe 1 og 2.
<p>Internkontroll: Aukra kommune ønskjer å gjennomføre eit kvalitativt godt kontrollarbeid med stadar som har løyve for sal og skjenking av alkohol.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Aukra kommune er ansvarleg for at sals- og skjenkestadene vert kontrollert • Skjenkestadene skal kontrollerast 3 - 4 gonger i året av godkjende kontrollørar. • Butikkane som sel alkoholhaldig drikk, skal kontrollerast 3 -4 gonger per år av godkjende kontrollørar. • Kontrollane kan vere både varsla og uvarsla. • Arrangement der det vert skjenka alkoholhaldig drikk, skal få både varsla og uvarsla kontrollar gjennom året. Dette gjeld arrangement med skjenkeløyve for eit enkeltstående høve.
<p>Ansvarleg vertskap Skjenkestadar som har alminneleg skjenkeløyve skal gjennomføre kurset Ansvarleg vertskap. Ansvarleg vertskap er eit program for å setje fokus på skjenking og skjenkestadar i kommunane. Føremålet er å førebyggje og få bort overskjenking, skjenking til mindreårige og rusrelatert vald gjennom meir ansvarleg skjenking og sal av alkoholhaldig drikk. Auka</p>	<p>Aukra kommune skal følgje opp at løyvehavarane gjennomfører ordninga med Ansvarleg vertskap.</p> <p>Når kurset Ansvarleg vertskap er gjennomført vil skjenkestaden få status som Ansvarleg vertskap.</p>

kompetanse hos tilsette og leiarar vil gjere det lettare å fatte riktige avgjerder i vanskelege arbeidssituasjonar.	
<p>Ansvarleg sal Salsstadar som har alminneleg salsløyve skal gjennomføre kurset Ansvarleg sal. Ansvarleg sal er eit program for å setje fokus på sal og salsstader i kommunane.</p> <p>Føremålet er å førebyggje og ha fokus på eventuelt sal til mindreårige og rusrelatert vald gjennom meir ansvarleg sal av alkoholhaldig drikk. Auka kompetanse hos tilsette og leiarar vil gjere det lettare å fatte riktige avgjerder i vanskelege arbeidssituasjonar.</p>	<p>Aukra kommune skal følgje opp at løyvehavarane gjennomfører ordninga med Ansvarleg sal.</p> <p>Når kurset Ansvarleg sal er gjennomført vil salsstaden få status som Ansvarleg alkoholhandtering.</p>

5. Definisjonar

Følgjande definisjonar, som også følgjer av alkohollova, blir lagt til grunn:

5.1 Sal av alkoholhaldig drikk

Overføring av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag for drikking utanfor salsstaden, jf. alkohollova § 1-4 fyrste ledd.

5.2 Skjenking av alkoholhaldig drikk

Sal for drikking på staden. Som skjenking blir rekna det også når bevillingshavar veit om at det skal drikkast i delar av huset hans som han har råderett over, eller på andre stader som han har råderett over, eller på huset si nærmaste tilliggelser, jf. alkohollova § 1-4 andre ledd.

Elles blir det vist til alkohollova kapittel 1 for ytterlegare definisjonar.

5.3 Om alkoholhaldig drikk

Med alkoholhaldig drikk meinast drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, jfr. alkohollova § 1-3.

Drikk med lågare alkoholinnhald fell utanfor lova sine reguleringar, jf. § 1-5 om aldersgrensene som får bruksområde på drikk som inneheld meir enn 0,7 volumprosent alkohol, og reklameforbodet i § 9-2 første ledd, som får bruksområde på reklame for andre varer med same merke eller kjenneteikn som drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol.

All alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir vert rekna som brennevin.

5.3.1 Alkoholhaldig drikk vert delt inn i følgjande grupper

- Gruppe 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- Gruppe 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- Gruppe 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

5.4 Løyve (bevilling)

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikk som blir omfatta av handlingsplanen, kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

6. Generelt om Aukra kommune sin løyvepolitikk

Alkohollova § 1-7 og 1-7a gjev retningsliner for saksbehandlinga ved søknad om løyve. Det går fram av føresegnene at avgjerder av søknadar om løyve er skjønsmessige, og at det kan trekkjast vide rammer for kva omsyn som kan vektleggjast. Generelt kan det seiast at alle omsyn som fremjar alkohollova sitt føremål er relevante, men det kan også til ein viss grad leggjast vekt på andre omsyn enn dei som direkte fremjar lovføremålet. Avgjerda må likevel treffast på sakleg grunnlag.

Kommunen har stor fridom til å leggje vekt på færre eller fleire omsyn enn dei som er nemnt i § 1-7a. Kommunen kan vidare setje vilkår for eit løyve. Den står likevel ikkje helt fritt, då vilkåret må ha sakleg samanheng med dei løyva som vert gjevne, for eksempel fremje alkohollova sitt føremål, lette kontrollen eller avverje skadeverknadene ved sal av alkoholhaldig drikk. Det vert ikkje kravd at kommunen dokumenterer konkrete faktiske verknader av det føreslåtte vilkåret. På den andre sida må vilkåret ikkje vere urimeleg tyngjande eller av andre grunnar vere urimeleg. Det er ein samanheng mellom desse to krava: Dess klarare vilkåret fremjar føremålet til lova, desto tyngre vilkår kan akseptast.

Ved vurdering om løyve skal tildelast, må kommunen leggje vekt på følgjande:

- Kommunen sitt planverk
- Plasseringa av staden og omgjevnaden rundt staden
- Driftskonsept og målgruppe
- Trafikk- og ordensmessige forhold
- Næringspolitiske omsyn
- Innbyggjarane sin rett til nattero etter kl. 23.00
- Omsynet til lokalmiljøet elles
- Omsyn til ei eventuell kartlegging av folkehelsa i kommunen og resultatet av ho.
- Om søkjar og personar nemnde i alkohollova § 1-7b er eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve, dvs. vist uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgevinga eller avgjerder i anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sitt føremål, samt skatte-, avgifts- og rekneskapslovgivinga, jf. § 1 -7.

7. Om skjenkeløyve

Aukra kommune har etter alkohollova moglegheit til å regulere kva grupper eller kven som kan få løyve om skjenking i gruppe 1, 2 og 3.

7.1 Skjenkeløyve for enkeltstående høve alkoholgruppe 1 og 2

Løyve for skjenking ved enkeltstående høve gjeld berre for alkoholgruppe 1 og 2. Mynde til å avgjere søknader om skjenkeløyve for ei enkel anledning, er delegert til kommunedirektøren.

Eit skjenkeløyve for eit enkeltstående høve er eit løyve til å selje alkoholhaldig drikk under eit arrangement som skal vere ope for publikum. Dersom arrangementet skal vere for ei lukka forsamling, kan det i staden søkjast om ambulerande skjenkeløyve. Sjå meir om ambulerande løyve i kapittel 7.2.

Eit skjenkeløyve for ei enkel anledning kan nyttast for lokale der det elles ikkje er tillate å selje alkoholhaldig drikk, som for eksempel ei tilstelling i eit samfunnshus. Eit arrangement som har fått skjenkeløyve for eit enkeltstående høve, er undergjeven den ordinære kontrollen frå kommunen sine skjenkekontrollørar og vil kunne bli oppsøkt under arrangementet.

Døme på kva eit slikt arrangement kan vera er:

- filmframsyning, foredrag, utstillingsopningar, vernissage
- konsertar, dansefestar, kundekveldar, musikkfestivalar, lanseringsfestar
- matfestivalar, vinsmakerkurs, ope bryggjeri
- russetreff, opningsfest, festivalar, matkurs, klubbkveld
- julebord og nyttårsfestar

Sjå krav til løyvehavar i kapittel 7.2.1

7.1.1 Presisering skjenkeløyve for enkeltstående høve:

Arrangement som rettar seg mot ungdom under 18 år får ikkje innvilga skjenkeløyve.

Unnateke er større dansearrangement, festivalar eller liknande. Slike søknader vert vurdert etter kvart som det vert søkt om dette.

- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for eit enkeltstående høve i kommunale bygningar, så framt ordførar gir dispensasjon frå denne regelen.
 - Dette gjeld ikkje bebuarar som oppheld seg i institusjonar, jf. § 8.9.4. Vi viser elles til alkohollova kapittel 8, spesielle påbod og forbod.
 - Dette gjeld heller ikkje for bygningar som vert definert som samfunnshus/kulturhus.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kioskar og gatekjøkken.
- Det vert ikkje sett tak på tal på enkeltløyve i denne perioden.

Søknader om enkeltstående høve som ikkje er nemnd ovanfor, vert vurdert etter kvart som det vert søkt om slike løyve.

7.1.2 Om løyvehavar

Løyvet vert gjeve til den juridiske eininga (personen) som har det direkte økonomiske ansvaret for sal av alkohol. Ein person må stå som ansvarleg for skjenkinga. I tillegg må det i søknaden opplysast kven som skal vere vara for styraren. Personane må vere over 20 år.

7.1.3 Søknadsfrist enkeltstående høve

Søknader løyve for eit enkeltstående høve må vere kommunen i hende **seinast 2 veker før** arrangementet vert halde.

Søknad om flytting av eit skjenkelokale til eit anna lokale for eit enkeltstående høve, må vere kommunen i hende **seinast 3 veker før** arrangementet vert halde.

Ved skifte av styrrar og vara for styrrar («stedfortreder») må kommunen vere orientert **seinast 2 veker før** skiftet skal tre i kraft.

7.2 Ambulerande skjenkeløyve

Kommunestyret kan gi ein eller fleire løyve som ikkje blir knytt til bestemt person eller skjenkestad, og kan tillata at ein eller fleire av desse løyva blir utøvde på ein stad eller stader som blir godkjende for eit enkelt høve og for skjenking til deltakarar i slutta selskap. Eit ambulerande løyve kan ikkje utvidast til å omfatta tilverking eller innførsel av alkoholhaldig drikk for skjenking i eiga verksemd.

Ved skjenking i lukka selskap, som bryllaup, konfirmasjonar, jubileum og liknande, må det søkast om ambulerande skjenkeløyve. Deltakarane må ha ei eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet. Arrangementet er ikkje tilgjengeleg for utanforståande, heller ikkje med påmelding. Sjå alkohollova § 4-5 for ambulerande skjenkeløyve.

Ambulerande løyve gjeld dersom éin eller fleire av følgjande føresetnader er til stades:

- Lokalet er leigd og du kjøper fleire tenester av utleiger (vasking, servering o.l.).
- Dersom ein tek betalt for alkohol.
- Dersom lokalet der festen skal haldast, har eit serveringsløyve.

7.2.1 Om løyvehavar

Løyvet vert gjeve til den juridiske eininga (personen) som har det direkte økonomiske ansvaret for sal av alkohol. Ein person må stå som ansvarleg for skjenkinga. I tillegg må det i søknaden opplysast kven som skal vere vara for styraren. Personane må vere over 20 år.

7.2.2 Søknadsfrist ambulerande løyve

Søknader om ambulerande skjenkeløyve må vere kommunen i hende **seinast 2 veker før** arrangementet vert halde.

7.3 Alminneleg skjenkeløyve i alkoholgruppe 1, 2 og 3

I Aukra kommune kan alminneleg (permanent) skjenkeløyve berre innvilgast til verksemder som driv med servering av mat og drikke, og som har fått serveringsløyve etter serveringsloven.

Aukra kommune set som vilkår at selskapa skal dokumentere at kravet til minstelønn etter allmenngjeringsforskrifta innanfor overnattings-, serverings- og cateringsverksemd til kvar tid er oppfylt etter alkohollova § 1-7b og serveringslova § 6.

7.3.1 Om løyvehavar for sals- og alminneleg skjenkeløyve

Løyva vert gjeve til den juridiske eininga (personen) som har den direkte økonomiske interessa i og ansvaret for skjenkinga av den alkoholhaldige drikken.

7.3.2 Krav til vandel

For å få eit skjenkeløyve, må løyvehavar og personar med vesentleg påverknad av verksemda, ha uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgjevinga og avgjerder i anna lovgjeving som har samanheng med føremålet til alkohollova, i tillegg skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjeving. Kravet til vandel er ein føresetnad for å få løyvet.

7.3.3 Styrar og vara

For kvart løyve skal det vere ein styrar og ein vara for styraren. Berre personar som har det daglege ansvaret for salet eller skjenkinga, kan veljast som styrar/vara. Styraren skal derfor sørge for at verksemda er organisert på ein slik måte at skjenkinga av alkoholhaldig drikk skjer etter gjeldande regelverk. Styrar har ansvaret for at dei tilsette har nødvendig kunnskap om regelverket. Vara skal tre inn i styraren sitt fråvær.

Styrar og vara må også ta kunnskapsprøve og etablererprøve. Sjå meir om det i kap. 8.3.

7.3.4 Søknadsfrist utvida skjenketid og flytting av skjenkestad

Søknader om utviding av skjenketid for eit enkeltståande arrangement må vere kommunen i hende **seinast 2 veker før** arrangementet vert halde.

Søknad om flytting av eit skjenkelokale til eit anna lokale for eit enkeltståande høve, må vere kommunen i hende **seinast 3 veker før** arrangementet vert halde.

8. Om salsløyve

8.1 Salsløyve for alkoholgruppe 1

Salsløyve av alkoholhaldig drikk med høgst alkoholinnhald på 4,7 volumprosent, kan berre skje på grunnlag av kommunalt løyve.

8.1.1 Kven kan få salsløyve i alkoholgruppe 1?

I Aukra kommune er det berre daglegvarebutikkar som kan få vedtak om salsløyve.

8.1.2 Søknad om salsløyve vert vurdert kontinuerleg ut frå følgjande retningsliner:

- Nyetablerte stadar der det skal seljast alkoholhaldig drikk, bør ikkje liggje for nær skular, ungdomsklubbar, idrettshallar og liknande, der barn og ungdom oppheld seg.
- Daglegvareforretningar kan berre få tildelt salsløyve i gruppe 1.
- Alkoholhaldig drikkevarer skal plasserast på ein slik måte at dei ikkje kan forvekslast med alkoholfrie varer. Alkoholhaldige drikkevarer skal plasserast på ein slik måte at kontrollørane lett kan avdekkje avvik.

- Bedrifta skal ha eit system for internkontroll for å sikre at krav fastsett i eller i medhald av alkohollova (§ forskrift § 8-1) vert haldne.
- Løyvehavar skal gjennomføre opplæring i alkohollova med sine tilsette som ein del av internkontrollen, og kassebeteninga bør gjennomføre kurs i ansvarleg sal når dette vert tilbode.

Søknadar om løyve til sal av alkohol som ikkje er nemnd ovanfor, vert vurdert etter kvart som det vert søkt om slike løyve.

8.1.3 Om styrar og vara

For kvart løyve skal det peikast ut ein styrar og ein avløyssar. Begge desse må vera over 20 år og ha bestått kunnskapsprøva. Les meir om dette i kapittel 8.3.

Berre personar som har eit dagleg ansvar for salet kan utnemnast som styrer. Ein styrar har som oppgåve å sjå til at salet av alkoholhaldig drikke skjer i samsvar med regelverket. Styraren og avløyssaren skal vera kontaktpersonane til kontrollstyresmakta.

Ønskjer ein å endra styre og/eller avløyssar, må kommunen få ein beskjed og det må sendast inn ein søknad om godkjenning av nye personar til desse rollene.

8.2 Salsløyve for alkoholgruppe 2 og 3

AS Vinmonopolet har etter første ledd einerett til detaljsal til forbrukar av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 med over 4,7 volumprosent alkohol, men treng kommunalt løyve for å etablere slikt utsal. AS Vinmonopolet kan berre få slik løyve dersom kommunen også gir løyve til sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i kommunen, jf. alkoholloven § 3-1 tredje ledd, siste punktum.

9. Kunnskapsprøve og etablerarprøve for sals- og alminneleg skjenkeløyve

Styrar og vara for sals- og skjenkeløyva må ha dokumentert kunnskap om alkohollova og må ta ei kunnskapsprøve hos kommunen. Bevis for bestått kunnskapsprøve er gyldig på ubestemt tid.

Dagleg leiar på ein serveringsstad må i tillegg ta etablerarprøve. Begge prøvene kan tas på kommunehuset.

Gebyret for å ta prøva er per tida på kr. 400,- per prøve.

I følgje serveringslova av 1998, med seinare oppdateringar, inneheld lova krav om at styraren til serveringsstaden må ha ei godkjent etablerarprøve før serveringsstaden får serveringsløyve. Kommunen står som arrangør av prøva mot eit gebyr.

Dersom det er søkt om løyve for eit enkelthøve eller ambulerande skjenkeløyve, er det ikkje krav til kunnskapsprøve og etablerarprøve.

10. Søknad om sals- og alminneleg skjenkeløyve

Løyve vert gjevne av kommunestyret med mindre det vert gjeve statleg løyve etter kapittel 5 i alkohollova, jf. § 1-7.

Kommunedirektøren er delegert mynde til å fatte vedtak om enkeltstående høve og ambulerande løyve, jf. kapittel 3 (delegering av mynde) i handlingsplanen.

Ved søknad om sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal Aukra kommune sitt søknadsskjema nyttast. Skjema ligg på kommunen sine internettsider under skjema. Løyve vert gjeve til den som skal vere styrar for løyvet. Det må også opplysast kven som skal vere vara for styrar.

10.1 Vidareføring av løyveperioden

Aukra kommune skal så langt det er mogeleg nytte retten til å vidareføre gjeldande bevillingar for ein ny periode på inntil fire år med **opphør seinast 30. september året etter** at nytt kommunestyre tiltrer. I dei tilfella det ikkje er tvilsamt at ny bevilling vil bli gitt, skal bevillinga vidareførast.

Ein føresetnad for å vidareføre gjeldande bevillingar er at alkoholpolitikken er gjennomgått etter kommunevalet, jf. alkoholloven § 1-6. Ved vidareføring kan det også setjast nye vilkår for bevillinga.

Bevillingshavarar som har fått bevillinga inndrege føregåande periode, eller som har fått meir enn 12 prikkar i løpet av ein bevillingsperiode vil ikkje få den allereie gjeldande bevillinga automatisk vidareført, men må søkje om ny bevilling. Aukra kommune vil varsle dei bevillingshavarane som dette gjeld. Elles blir momenta i alkohollova § 1-7a lagt til grunn ved vurderinga om bevillinga skal vidareførast eller om det må søkjast ny bevilling.

Dersom kommunen får søknad om sals- og skjenkeløyve ut over dette, tek kommunestyret stilling til søknadane fortløpande.

10.1.1 Søknadsfrist vidareføring av løyve

Kommunen kunngjer slik frist.

10.2 Søknad om ny løyve

Følgjande etatar skal uttale seg:

- Sosialtenesta
- Politiet

Det kan også innhentast uttale hos:

- Skatte- og avgiftsstyresmaktene
- Plan- og utbyggingstenesta

Det kan i tillegg innhentast uttale frå mattilsynet og brann- og feiarvesenet og andre instansar dersom kommunen ser det som naudsynt.

10.2.1 Søknadsfrist nye løyver

Ingen søknadsfrist for nye løyver.

11. Gebyr

Aukra kommune har følgjande gebyrordning:

- Gebyrsats for ambulerande løyve: Kr 440,- per arrangement.
- Gebyrsatsene for salsløyve og alminneleg skjenkeløyve følgjer endringane i alkoholforskrifta § 6-2. Gebyret blir justert årleg.
- Skjenkeløyve for enkelt anledning:
 - Maks 150 deltakarar: Gebyrsats på kr 500 per dag.
 - Frå 151 – 600 deltakarar: Gebyrsats på kr 1 500 per dag.
 - Meir enn 600 deltakarar: Gebyrsats på kr. 3 000,- per dag.

For kontroll av tal på deltakarar på arrangementa, skal løyvehavar sende inn dokumentasjon på selde inngangsbilletter. Om det kjem færre deltakarar enn meldt inn via løyvesøknaden, blir gebyret justert ned til nærliggjande takst.

Gebyra vert justert i tråd med endringar i alkohollova og revisjon av alkoholpolitisk handlingsplan.

12. Varigheit salsløyve og alminneleg skjenkeløyve

Vedtak om sals- og skjenkeløyve vert gitt for inntil fire år, men stoppar seinast 30. september året etter at kommunestyret er konstituert dersom noko anna ikkje er bestemt, jf. alkohollova § 1-6. Dersom det ikkje kjem inn ny søknad etter kommunestyreperioden er avslutta, gjeld løyva fram til 30. september.

Sjå også kapittelet om vidareføring av løyveperioden.

13. Sals- og skjenketider for alkoholhaldig drikk

Maksimaltider for sals- og skjenketider er regulert i Forskrift for sals-, skjenke- og opningstider for Aukra kommune.

13.1 Sal av alkoholhaldig drikk i ubemanna opningstider

Det er presisert i Forskrift om sals- skjenke- og opningstider i Aukra kommune at lokalet som har salsløyve berre kan selje alkohol i bemanna opningstid.

Om kommunen mottok søknad om sal i ubemanna opningstid, er det ei sak som vil bli lagt fram til politisk behandling.

14. Sal av alkohol frå sjølvbetente kasser

Sal av alkoholhaldig drikk skal berre skje ved bruk av betente kassar. Dersom salsstadene skal selje alkohol frå sjølvbetente kasser, må salsstaden jobbe for å få på plass ei løysing for

fysisk kontroll av beteninga.

Salsstader som ikkje har fysisk kontroll i sjølvbetente kasser, må sikre å få på plass ei slik løysing i løpet av bevillingsperioden.

15. Om netthandel

Aukra kommunestyre ønskjer ikkje at det skal opnast for netthandel for klasse 1 i Aukra kommune.

16. Kontroll med skjenke- og salsstadar

Kontrollen med kommunale løyve er lagt til kommunen, jf. alkoholova § 1- 9.

Kommunen kan når som helst krevje inngang til sals- og skjenkestaden sine lokale og rekneskapar, krevje å få naudsynte opplysningar om rekneskap og drift frå løyvehavar og kontrollere føring av internkontroll etter forskrifta sitt kapittel 8.

Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersfastsetjing, og at det ikkje vert selt eller skjenkt til personar som er openbert påverka av rusmiddel. Kontrollane kan også rette seg mot forhold kommunen synest er føremålstenlege. Skjenkekontrollar skal utførast av to personar som saman kontrollerer skjenkestadene.

Serveringsstadar med låg alkoholomsetnad vil i større grad få open kontroll. Stadar med høg alkoholomsetnad, 18- års aldersgrense og med skjenketid til kl. 01:30, vil òg få anonyme kontrollar. Kontrollane vil skje på alle vekedagar med hovudvekt på fredagar og laurdagar.

Kontroll av skjenkestadar skal bl.a. omfatte:

- Skjenking til openbert påverka personar
- Aldersgrenseføresegner for gjestar og skjenkepersonale
- Skjenketid/opningstid
- Eventuelt forbod mot skjenking
- Skjenking ut over løyvet sitt omfang
- Etterleve alkoholova sine føresegner om internkontroll
- Skjenkestaden si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikk
- Forholdet mellom betening, gjestar og tilstanden til skjenkestaden
- Om skjenkestaden overheld alkoholreklameforbodet
- Generell orden i lokalet

Kontroll på sals- og skjenkestadar skal skje 3-4 gonger per år per løyvestad eller oftare om det er behov for det.

17. Brot på alkohollova

Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og opplagt reaksjonssystem dersom alkohollova sine føresegner ikkje vert overhaldne. Det er viktig at det vert gjeve reaksjonar ved brot på alkohollovgivinga, då dette er eit viktig verkemiddel for å etterleve alkohollova sitt føremål om å i størst mogeleg utstrekning kunne avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan innebere.

17.1 Alkohollova § 1-8. Inndraging av sals- og skjenkeløyve

Føresegna regulerer kommunen sitt høve til å dra inn kommunale sals- eller skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i løyveperioden. Når løyvet er inndrege, vert retten tapt til å utøve skjenking eller sal av alkoholhaldig drikk for den perioden inndraginga gjeld.

Inndragingsperioden kan vare ut resten av løyveperioden eller for kortare tid, avhengig av kva som er grunnlaget for inndragingsvedtaket.

Inndraging av løyve kan skje når vilkåra for å ha løyve ikkje lenger er oppfylt, for eksempel at kravet til uklanderleg vandel i § 1-7b ikkje er fylt.

17.2 Tildeling av prikkar

Kommunen er pliktige til å gje prikkar ved regelbrot og dra inn løyve ved 12 prikkar. Eit brot kan medføre frå ein til åtte prikkar. Systemet for tildeling av prikkar er heimla i alkohollova § 1-8 tredje ledd.

I tilfelle der innehavar av kommunalt sals- eller skjenkeløyve ikkje har oppfylt pliktene sine etter alkohollova, føresegner gjeve etter alkohollova, avgjerd i lov eller i medhald av lov som har samanheng med alkohollova sitt føremål, eller plikter som følgjer av vilkår i vedtaket, gjeld føresegner om tildeling av prikkar, jf. alkoholforskrifta kapittel 10.

Prikkar kan berre verte tildelt på bakgrunn av kontroll gjennomført etter alkoholforskrifta kapittel 9 eller rapport frå andre styresmakter.

Kommunikasjon mellom kommunen og personar knytte til sals- og skjenkestaden som ikkje er i ein kontrollsamheng, dannar ikkje grunnlag for tildeling av prikkar. Føremålet med denne avgrensinga er å sikre at kommunane skal kunne gje sals- og skjenkestadene god rettleiing om regelverket og kva stadene kan gjere for å halde det.

Ved brot som nemnd i § 10-3 skal kommunen gje løyvehavar eit bestemt tal prikkar. Kor mange prikkar som skal delast ut, knyter seg til kor alvorleg brotet er. I § 10-3 er det fastsette kor mange prikkar det einskilde brotet i utgangspunktet skal føre til.

Dersom løyvehavar i løpet av ein periode på to år har fått tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret trekke inn løyvet for eit tidsrom på ei veke. Dersom det i løpet av to-årsperioden vert gjeve fleire enn 12 prikkar, skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

17.3 Kven kan inndra eit løyve?

Høvet til å inndra eit kommunal løyve er i utgangspunktet lagt til kommunestyret. Kommunedirektøren er likevel delegert mynde til å inndra slikt løyve.

Inndraging er eit enkeltvedtak, som kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. For kommunale løyve er statsforvaltaren rette klageinstans, jf. alkoholloven § 1-16 og merknadane til denne.

18. Reaksjonar ved brot

I alkoholforskriften § 10-3 er det opplyst kva brot som fører til tildeling av prikkar.

19. Klage

Ved klage på enkeltvedtak jf. alkohollova § 1-16.

Klagen vert behandla av det organet som fatta vedtaket. Kommunedirektøren har mynde til å avgjere om klaga skal få utsetjande verknad dersom vedtaket får konsekvensar før rette organ kan behandle klaga.

Statsforvaltaren er klageinstans.

20. Andre forhold

Dei forhold som ikkje er teke med i dette reglementet, vert regulert av alkohollova med forskrifter.

Dette reglementet gjeld frå kommunestyrets vedtaksdato, sjå framsida av handlingsplanen for vedtaksdato.